

## Brede Hangeland oppfyller guttedraumen kvar dag



Då Brede Hangeland var liten, drøymde han om å bli fotballspelar. Draumen blei oppfylt. Han blei kaptein på det norske landslaget og på Premier League-laget Fulham.

Kan du seie noko om kva som er det beste ved å spele i Premier League?

Å få spele mot nokre av dei beste spelarane i verda.

Korleis merkar ein at Premier League er den største fotballserien i verda?

Det merkar ein spesielt på den enorme merksemda rundt kampane.

Kvífor hamna du i Fulham?

Det var fordi Fulham var den klubben som ville ha meg over til England.

Kva slags forhold hadde du til engelsk fotball før du hamna i Fulham?

Eg voks opp med tippekampen på TV på laurdagar.

Kva er den største opplevinga du har hatt i tida di i engelsk fotball?

Det var å slå Portsmouth borte i den siste kampen i 2008 – vi var nøydde til å vinne for å unngå nedrykk. Eg har vore med på å slå både Manchester United, Manchester City, Tottenham, Arsenal osb., men kjensla av å unngå nedrykk var betre enn noko anna. Ei enorm lette.